



Møtebok

Utval: Fjordane interkommunalt politisk råd
Møtestad: Digitalt
Dato: 27.05.2024
Tid: Kl. 10:00 - 14:00

Følgjande medlem møtte

Anne Kristin Førde
Arnar Kvernevik
Gunn Åmdal Mongstad
Jenny Følling
Leif Jarle Espedal
Petter Sortland
Sigurd Erlend Reksnes

Parti

SP

Forfall

Bengt Solheim-Olsen
Kjell Eide
Ole André Klausen
Per Kjøllesdal

Parti

Varamedlem

Frank-Willy Djuvik

Parti

Sonja Øvre-Flo

Møteleiar: Jenny Følling

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
24/030	Godkjenning av innkalling og sakliste
24/031	Godkjenning av møteprotokoll
24/032	Referatsaker
24/033	Orienteringssaker 27.05.24
24/034	Orienteringssaker frå kommunedirekørane 27.05.24
24/035	Mandat - kraft i Fjordane
24/036	Profilhandbok for Region Fjordane
24/037	Deltaking Arendalsveka 2024



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/20885
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 16.05.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/030	Fjordane interkommunalt politisk råd	27.05.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste

Leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Fjordane interkommunalt politisk råd 27.05.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/030 Vedtak:

Leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/20646
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 15.05.2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/031	Fjordane interkommunalt politisk råd	27.05.2024

Godkjenning av møteprotokoll

Leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Vedlegg i saka:

14.05.2024 Protokoll - Fjordane interkommunalt politisk råd - 1670366
13.05.2024

Fjordane interkommunalt politisk råd 27.05.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/031 Vedtak:

Leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/20886
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 16.05.2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/032	Fjordane interkommunalt politisk råd	27.05.2024

Referatsaker

Leiar si tilråding:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Underliggende saker:

- 1, Innkalling til møte i rådet 16.04.2024
- 2, Innkalling til ekstraordinært rådsmøte 13. mai 2024

Fjordane interkommunalt politisk råd 27.05.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/032 Vedtak:

Leiar si tilråding:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.



Arkiv: FE-033
 JournalpostID: 24/20649
 Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
 Hatlenes
 Dato: 15.05.2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/033	Fjordane interkommunalt politisk råd	27.05.2024

Orienteringssaker 27.05.24

1. Temaplana for tannhelse i Vestland

v/ Vestland fylkeskommune (Jens Harald Garden, Siri Espedal Vold, Clara Øberg og Anne Mette Porten)

2. Tilflytting, rekruttering og bulyst

v/ Bu i Sunnhordaland, Framtidsfylket, Årdal tilflyttarkontor og Nordfjordakademiet

3. Gjødselsbrukforskrifta v/ Joar Helgheim, Sunnfjord kommune

Vedlegg i saka:

27.05.2024	Årdal tilflyttarkontor	1673102
27.05.2024	temaplan tannhelse- Vestland fylkeskommune	1673173
27.05.2024	Utkast til sak Uttale til høyring av ny gjødselbrukforskrift (fellesuttale)	1673183

Fjordane interkommunalt politisk råd 27.05.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/033 Vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitande med desse merknadane;

1. Dersom eim har nye innspel til temaplanen må ein melde desse til fylkeskommunen innan midten av juni.
2. Sekretariatet og kommunedirektørane legg fram sak der ein ser på korleis ein kan jobbe med rekrutering og bulyst i fellesskap for regionrådet innan desember.
3. Region Fjordane ønskjer å gje ei felles uttale knytt til høyringa om gjødselsbrukforskrifta som er basert på dei 3 punkta som er lagt fram og kople det mot tillitsreforma.

Vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitane.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/20779
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 15.05.2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/034	Fjordane interkommunalt politisk råd	27.05.2024

Orienteringssaker frå kommunedirektørane 27.05.24

Bakgrunn for orienteringa:

Kommunedirektørane i Region Fjordane gjennomførte sitt nettverksmøte den 30. april. Kommunedirektørane har drøfta saker som er til behandling til rådsmøte. I tillegg har ein drøfta saker som er relevant for rådsmedlemmane.

Orienteringssaker:

1. Diskutert saker knytt til Bio Gloppen og Mission Zero.
2. Administrative fagnettverk i Region Fjordane
3. Samordning av politisk møtekalender

Fjordane interkommunalt politisk råd 27.05.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/034 Vedtak:

Orienteringssaker:

Rådet tek orienteringa til vitande.

Vedtak:

Fjordane IPR tek orienteringane til vitande.



Arkiv: FE-033
 JournalpostID: 24/15622
 Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
 Hatlenes
 Dato: 08.04.2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/035	Fjordane interkommunalt politisk råd	27.05.2024

Mandat - kraft i Fjordane

Bakgrunn for saka:

Medlemskommunane i Fjordane IPR har lagt fram eit ønskje om å utarbeide ein strategiplan for kraft i Region Fjordane. I fyrste omgang skal ein vedta eit mandat til forstudie som eit kunnskapsgrunnlag som legg føringar for det vidare arbeidet.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Fjordane IPR tek mandatet til forstudie slik det er lagt fram til vitande.
2. Fjordane IPR tek orienteringa om kraftanalysen til Invest in Fjordane til vitande.
3. Fjordane IPR sluttar seg til kraftanalysen som kunnskapsgrunnlag til det vidare arbeidet med kraftstrategien til Region Fjordane.

Vedlegg i saka:

08.04.2024	Oppsummering og innspel frå Anne Kristin og Petter	1659952
15.05.2024	Prosjektmandat kraft i Fjordane	1670509

Fjordane interkommunalt politisk råd 27.05.2024:

Handsaming:

Tillegg:

4. I arbeidet med revidering av tildeling av kraft skal Region Fjordane gje uttale når den er ute på høyring.

FIPR- 24/035 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Fjordane IPR tek mandatet til forstudie slik det er lagt fram til vitande.

2. Fjordane IPR tek orienteringa om kraftanalysen til Invest in Fjordane til vitande.
3. Fjordane IPR sluttar seg til kraftanalysen som kunnskapsgrunnlag til det vidare arbeidet med kraftstrategien til Region Fjordane.

4. I arbeidet med revidering av tildeling av kraft skal Region Fjordane gje uttale når den er ute på høyring.

Saksopplysningar:

Mandatet til forstudien er utarbeidd av arbeidsgruppa og lagt fram for arbeidsutvalet og nettverket til kommunedirektørane. Arbeidsgruppa vart peika ut på rådsmøte den 22. mars og deltakarane er Leif Jarle Espedal (Fjaler), Anne Kristin Førde (Bremanger), Petter Sortland (Høyanger) og Bengt Solheim-Olsen (Kinn).

Februar 2024 arrangerte Fjordane IPR formannskapskonferansen der ein løfta opp ulike utfordringar knytt til kraft i Fjordane. Ordførarane i Bremanger og Høyanger leda denne økta med bakgrunn sin kunnskap som kraftkommunar, deltaking i LVK og Industrinettverket til Vestland fylkeskommunane.

Dette temaet skapte stort engasjement og viser at kommunane har ulike utfordringar knytt til å skaffe nok kraft til nye etableringar, omstilling og utvikling av næringslivet i Fjordane.

Det er fleire som har teke initiativ til å arbeide med kunnskapsgrunnlag og kartlegging av kraftsituasjon. Ein har peika på at initiativet om ein kraftstrategi må sjåast i samanheng med andre aktørar som har interesse i dette arbeidet.

Invest in Fjordane skal gjennomføre ei kraftanalyse som ein av arbeidspakkane i prosjektet. Analysen blir i løpet av mai sendt ut på anbod med eit prisestimat på 750.000 kr. Kraftanalysen har likskap med mandatet til forstudien som er utarbeidd av regionrådet. Ørjan Stubhaug er tilsett som ny prosjektleiar for Invest in Fjordane og invitert til å legge fram kraftanalysen for som skal ut på bestilling i saka.

Vestland fylkeskommune har etablert eit industrikommunenettverk som både Høyanger og Bremanger deltek i. I oppsummeringa frå ordførarane i Bremanger og Høyanger tilrår dei ein til å kople seg på dette nettverket for å hente ut informasjon og arbeide parallelt med nettverket til fylkeskommunen. Industrinettverket arbeider med ein rapport som ein skal presentere for LO i Vestland, NHO Vestland, Fylkestinget/Fylkesutvalet i Vestland, Vestlandsrådet og politiske parti og Regjeringa. For industrinettverket er det særleg viktig å få legge fram utfordringar knytt til nettkapasitet og krafttilgang for kommunar med kraftkrevjande industri.

Oppsummering etter formannskapskonferansen og mandat til forstudie er lagt til som vedlegg til saka.

Vurdering:

I lys av initiativa som er sett i gong bør ein rådet vurdere om ein skal slutte seg til kraftanalysen til Invest in Fjordane som ei erstatning til forstudien. Kraftanalysen bør leggest fram for rådet når den er ferdig og deretter gjere vurderingar om kva ein ønsker å gå vidare med av problemstillingar og tiltak som ein ønsker å følgje opp.

Tilbakemeldingar frå kommunane i Fjordane er det viktig at kraftstrategien fører til ønska utvikling for omstilling og næringsutvikling i vår region.

Økonomiske konsekvensar:



Arkiv: FE-061
 JournalpostID: 24/20737
 Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
 Hatlenes
 Dato: 15.05.2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/036	Fjordane interkommunalt politisk råd	27.05.2024

Profilhandbok for Region Fjordane

Bakgrunn for saka:

Region Fjordane har sin handlingsplan for 2024 lagt inn eit punkt knytt til heimeside. I arbeidet med å få på plass ei heimeside har ein starta arbeidet med å lage ein profil for Region Fjordane. Rådet vil få ei orientering om arbeidet så langt og komme med innspel til endringar til vidare prosess.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Fjordane IPR tek orienteringa til vitande.
2. Fjordane IPR sett av tid og ressursar til å lage ein kommunikasjonsstrategi som inkluderer ein variert bildebank for regionrådet.

Vedlegg i saka:

15.05.2024	Region fjordane_profil (Presentasjon)	1670628
15.05.2024	Pristilbod - Region Fjordane Nettstad	1670638

Fjordane interkommunalt politisk råd 27.05.2024:

Handsaming:

Tillegg:

Sekretariatet vel ut rådsmedlemmar til å delta i den vidare prosessen med kommunikasjonsstrategi.

FIPR- 24/036 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Fjordane IPR tek orienteringa til vitande.
2. Fjordane IPR sett av tid og ressursar til å lage ein kommunikasjonsstrategi som

inkluderer ein variert bildebank for regionrådet.

Tillegg:

3. Sekretariatet vel ut rådsmedlemmar til å delta i den vidare prosessen med kommunikasjonsstrategi.

Saksopplysningar:

Arbeidet med å få på plass ei heimeside er påbegynt og i forkant av dette ønskjer ein å få innspel frå rådet knytt til logo, fargeval og bildebruk. Arbeidsutvalet har fått ein gjennomgang av Jenny Staalnacke i Stryn Næringshage som har byrja på ei skisse med å lage ein enkel profilhandbok.

Tilbakemeldingane frå arbeidsutvalet er at ein må ha med element som er knytt til energi/kraft, kompetanse, folk og tettstadar. Arbeidsutvalet ønskjer at ein skal arbeide meir med slagord og forankring slik at alle får eigarskap til arbeidet. Vidare bør ein opprette ein bildebank og kommunikasjonsstrategi i dette arbeidet.

Vurdering:

Det er satt av midlar og ressursar til arbeidet med å lage heimeside, profilhandbok og kommunikasjonsstrategi. Regionrådet har henta inn tilbod frå Stryn Næringshage knytt til profilhandbok til 35.000 kr og heimeside/drift frå Kodebonden til kr 57.200 kr.

Arbeidet med å få på plass ein nettstad er viktig for å samle informasjon og nyhender frå regionrådet. I arbeidet med nettstad har ein sett til andre korleis andre regionråd ar løyst dette. Sekretariatet får tilbakemeldingar får andre aktørar at det er vanskeleg å finne kontakinformasjon, medlemmar og kva regionrådet arbeider med.

Det er ikkje lagt opp til at ein skal ha omfattande prosessar knytt til dette arbeidet, ein bør likevel vurdere om ein skal peike ut nokre av rådsmedlemmane eller arbeidsutvalet til å ta del i dette arbeidet for å sikre eigarskap og forankring.

Økonomiske konsekvensar:



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/20775
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 15.05.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/037	Fjordane interkommunalt politisk råd	27.05.2024

Deltaking Arendalsveka 2024

Bakgrunn for saka:

I handlingsplanen har ein lagt inn eit punkt knytt til deltaking på Arendalsveka og gjort ei bestilling på å legge fram eit opplegg for Region Fjordane si deltaking. Rådet vil få ei orientering om kva som kan vere ei mogleg deltaking for rådet.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Fjordane IPR tek orienteringa til vitande.
2. Rådsmedlemmer som ønskjer å delta må melde frå om dette.
3. Kostnadar knytt til reise og opphald må kommunane dekkje sjølv.

Fjordane interkommunalt politisk råd 27.05.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/037 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Fjordane IPR tek orienteringa til vitande.
2. Rådsmedlemmer som ønskjer å delta må melde frå om dette.
3. Kostnadar knytt til reise og opphald må kommunane dekkje sjølv.

Saksopplysningar:

Medlemmane frå tidlegare Nordfjordrådet deltok for fyrst gang på Arendalsveka i 2023 og gjorde seg gode erfaringar med deltaking. Arendal er ein møtestad der ein kan avtale møter med sentrale politikarar og offentlege bedrifter. I 2023 hadde kommunane med seg prosjekt som til dømes Stad Skipstunnel, Kalvåg fiskerihamn, Strynefjellet, Jakta på superkreftene og Piloten statens hus.

Nokre av ordførarane deltok i paneldebattar som vart arrangert av andre t.d Fortescue og Merkurprogrammet. Kommunane i Nordfjord leigde eit sentralt kontor som samlingspunkt og gjennomføring av møter med ulike aktørar. I tillegg inviterte ein andre aktørar som til å ta i bruk kontoret til nødvendige møter. Nordfjordhamn, Nordfjordakademiet, Kystverket, Gode vegar og Måløy Vekst er døme på aktørar som nytta seg av kontoret.

Det er sendt ut ein førespurnad til ulike aktørar for å høyre om korleis årets deltaking blir. Foreløpig er det signalisert frå Måløy Vekst og Invest in Fjordane at ein planlegg deltaking. I tillegg er det kome innspel om at ein bør prøve å samle dei hubane i Fjordane til å delta døme på dette er BioGloppen, Hub for Minerals, Hub for Ocean, Sirkulære Høyanger og Fjordane havhub.

I regionrådet er det nokre medlemmar som skal delta gjennom KS sine arrangement. Det er kome tilbakemeldingar frå rådsmedlemmar at det er ønskeleg å kunne delta for å hente ny kunnskap, gjere seg kjend med aktørar som arbeider med relevante problemstillingar og arbeide med kraftstrategi.

Det er gått ut ei oppmoding om at ordførarar som planlegg å reise tek kontakt med sine parti for å delta i paneldebattar som kan vere ein måte å arbeide med viktige saker frå Fjordane. Det kan vere relevant å ta kontakt med bedrifter som ønskjer å knytte kontakt og for etablere eit framtidig samarbeid.

Region Fjordane har leigd kontor på Tjuvholmen for Arendalsveka 2024 og utover dette har ein ikkje lagt opp til eige arrangement. Det er både tid og ressurskrevjande å sette i stand arrangement som må vere avklart på eit tidlegare tidspunkt. Ein bør eventuelt vurdere om ein skal arrangere noko når ein har fått kraftanalysen for Fjordane på plass.